

VEDTEKTER FOR LIVIVINJE FRÅ 01.01.13

1. Føremål

Livivinje er eit samarbeid som har auka trivsel og livskvalitet for folk i Vinje som hovudmål. Livivinje vil òg jobbe for å auke folketalet og sikre gode oppvekstkår. Gjennom ulike verkemiddel skal samanslutninga legge til rette for opparbeiding av nye tomter, ny busetnad og rørsle i ein sovande bustadmarknad.

2. Arbeidsområde

Livivinje skal lage ein ny plan for sitt arbeid i bygda. Livivinje sitt arbeidsområde er gjennomføring av denne. Planen skal vere ei skisse over tiltak for å oppnå formålet.

3. Organisering

Livivinje er ein samanslutning av grendelaga i Vinje. 13.02.13 vart det vald nytt styre på folkemøte på Vinjar. Styret er sett saman av 5 medlem og 2 vara. To medlem står på val til kvart årsmøte. Ulike arbeidsgrupper arbeider med egne definerte oppgåver.

4. Samanslutninga omfattar

Alle som til ei kvar tid bur i Vinje skulekrins er omfatta av Livivinje

5. Økonomisk grunnlag

Det økonomiske grunnlaget for drift er egne inntekter og eventuelle løyvingar frå offentleg og/eller privat verksemd. Inntekter frå ulike aktivitetar skipa av styret eller arbeidsgruppene skal setjast inn på Livivinje sin konto. Livivinje skal ikkje ha meirverdipliktig omsetting eller registrerast som føretak.

6. Tidsrom

Livivinje er eit samarbeid som er sett i gong av lokale krefter i Vinje. Prosjektida for Livivinje var 2010-2012. Frå 01.01.13 er samanslutninga organisert som eit overbyggande organ for grendelaga. Samanslutninga kan ikkje avviklast utan etter godkjent vedtak i styret.

7. Styret

Styret er Livivinje sitt øvste organ. Det består av fem medlem og to vara. På fyrste styremøte etter årsmøte konstituerer styret seg med leiar, nestleiar og kasserar. Kvart medlem har ei stemme. Vedtak skjer ved vanleg fleirtal. Varamedlem har møterett og får på denne måten stemmerett.

8. Ansvarsområde for styret og årsmøtet

Styret er ansvarleg for den daglege drifta og økonomi. Alle viktige avgjersler skal skje på styremøte. Styreleiar skal kalle inn til årsmøte mellom 15. og 31. januar kvart år med 14 dagars frist. Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom 3 eller fleire styremedlem krev det.

9. Signaturrett

Leiar har signaturrett og kan såleis slutte avtaler og binde Livivinje juridisk på alle vis. Leiar skal kalle inn til styremøte når han finn det føremålstenleg eller når minst to styremedlem krev det.

10. Vedtektsendring

Vedtektsendringar skal handsamast etter særskild styreinncalling som gjeld vedtektsendring. Det skal gå klart fram av innkallinga kva for endringar som skal handsamast. Endring krev minst 2/3 fleirtal av frammøtte stemmer for godkjenning.